



Til: Deltakarane

Arkivsaknr.:
24/368-4

Arkiv
GBNR-78/3

Sakshandsamar
Monika Lysne,

Dato
07.07.2024

Notat om:
Referat frå oppstartsmøte 26.04.2024

Tid og stad: Lærdal rådhus, 26.04.2024 kl. 10-11.30

Desse var til stades:

- Olav Lunden, grunneigar og næringsaktør på delar av området
- Synne Næss, Asplan Viak AS
- Hilde Bjørnstad, Asplan Viak AS
- Magnhild Aspevik, landbrukssjef Lærdal kommune
- Monika Lysne, planleggjar Lærdal kommune

Fråfall:

- Ingeborg Lysne, næringsrådgjevar
- Harald Stadheim, einingsleiar Tekniske tenester

Bakgrunn for møtet:

Nytt næringsareal på arealet i Borlaugshagen er vedteke i ny arealdel for Lærdal kommune, med plankrav. Initiativtakar for det nye næringsarealet ynskjer no å starte reguleringsplanprosessen, og har engasjert Asplan Viak AS til å utarbeide planen med naudsynte vurderingar. Dei har sendt inn planinitiativ til kommunen, med ynskje om oppstartsmøte. Lærdal kommune kalla dermed inn til oppstartsmøte med bakgrunn i denne førespurnaden.

Oppsummering frå møtet:

- Monika orienterte om bakgrunn for møtet, innhald i møtet, og status i saka så langt.
- Asplan Viak og Olav Lunden orienterte om det planlagde næringsarealet, og kva dei ser for seg av moglegheiter og utfordringar. Utbyggjar ser på moglegheit for ladestasjon for tungbil, også knytt til behov for lading av framtidige elektriske brøytebilar. Er god straumtilgang i området. Ser og på moglegheit for mellombels lagring/lagring/omlastingspunkt eller anna transportrelatert næring.
- Planinitiativet er utfyllande og skildrar planane, utfordringane og behov for vurderingar godt og tilfredstillande.

- Det er vurdert at det ikkje er behov for KU for reguleringsplanen, men det er behov for fleire utgreiingar/vurderingar på tema. Dette er godt dekkja av planinitiativet, og kommunen er samd med vurderingane.
- Utbyggjar vil undersøke moglegheit for å flytte vegen til utkanten av planområdet, må då ha dialog med fylkeskommunen. Store fordelar med større samanhengande areal.
- Det vart ikkje gjort endringar i plangrensa på møtet.
- Det vart drøfta ulike omsyn, og desse vart spesielt drege fram på møtet:
 - omsyn til verna vassdrag og hindre avrenning til elv
 - Omsyn til kulturmiljøet/sambindingssti Kongeveg
 - Bandleggingssone under høgspantlinja
 - Faresone skred/flaum
 - Omsyn til noverande landbruksdrifta på arealet
- Magnhild orienterte om landbruksdrifta og status på landbruksjorda i gardskart
- Grunneigar er sterkt i mot planane om næringsareal på eigedomen, og ynskjer å behalda området som landbruksareal. Arealet vert vurdert som viktig beiteareal til garden. Kommunen er oppteken av korleis grunneigar vert behandla i saka, og oppfordrar til god dialog og at utbyggjar finn gode løysingar for grunneigar.
- Framdriftsplan: Asplan Viak vil vurdere å oppdatere planinitiativet, og sende inn ny versjon med mindre endringar. Kommunen legg fram sak til Utval for miljø og samfunnsutvikling 6. juni 2024 og kommunestyret 20. juni 2024.

Oppfølging:

- Kommunen førebur sak til politisk handsaming
- Asplan Viak sender inn eventuelt revidert planinitiativ innan kort tid
- Monika sender gebyrhefte og referat frå oppstartsmøte

Monika Lysne
arealplanleggjar